



## Møteprotokoll

---

**Utval:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Herøy kulturhus og Sunnmørsbadet  
**Dato:** 07.12.2022  
**Tid:** kl 11.30 - 15.00

---

### Fremmøtte

Ann Elin Myklebust  
Kristin Helsem Sævik  
Leiv Aarflot  
Idar Kjell Tarberg

### Representerer

Ap  
H

### Funksjon

medlem  
medlem  
medlem  
leiar

### Forfall

Jan Nilsen

### Representerer

SP

### Varamedlem

Gerhard Furø

### Representerer

### Andre som møtte

Vest kontroll:

Jostein Støylen, dagleg leiar.

Astrid Landsverk Sande, konsulent.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon:

Bodill Skeide, dagleg leiar/revisjonssjef.

Herøy kommune:

Trond Arne Aglen, kommunedirektør.

Møteslutt kl. 15:00

## Sakliste

| <b>Sak nr.</b> | <b>Sakstittel</b>  | <b>Arkivsaksnr.</b> |
|----------------|--|---------------------|
| PS 39/22       | Godkjenning av innkalling og sakliste                      | 22/3588             |
| PS 40/22       | Godkjenning av protokoll                                   | 22/3588             |
| PS 41/22       | Orienteringar  | 22/3588             |
| PS 42/22       | Forenkla etterlevingskontroll 2022 Herøy - Risikovurdering | 22/3580             |
| PS 43/22       | Sunnmørsbadet Fosnavåg AS - årsrekneskap 2021              | 22/3578             |
| PS 44/22       | Gjennomgang av møteprotokollar                             | 22/3588             |
| PS 45/22       | Vedtaksoppfølging  | 22/1571             |
| PS 46/22       | Saker til eventuell seinare behandling                     | 22/3588             |

Moltustranda, 09.12.2022

Idar Kjell Tarberg  
Leiar i kontrollutvalet

## PS 39/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

### **Behandling:**

PS43 Sunnmørsbadet Fosnavåg AS - årsrekneskap 2021 vart flytta fram til etter OS 07 - Orienteringsbesøk Sunnmørsbadet.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

## PS 40/22 Godkjenning av protokoll

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

## PS 41/22 Orienteringar

### **Underliggende sak:**

| <b>Saksnr.</b> | <b>Tittel</b>                   |
|----------------|---------------------------------|
| 07/22          | Orienteringsbesøk Sunnmørsbadet |
| 08/22          | Orienteringsbesøk kulturhuset   |

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitende.

### **Behandling:**

OS 07 Orienteringsbesøk Sunnmørsbadet  
Dagleg leiar, Karl-Petter Sortehaug orienterte og viste kontrollutvalet rundt på teknisk rom.

OS 08 Orienteringsbesøk kulturhuset  
Avdelingsleiar kulturhuset, Odd Gunnar Myhre, og rektor for kulturskolen, Rune Paulsen, orienterte og viste kontrollutvalet rundt på kulturhuset, frivilligsentralen og biblioteket.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

## PS 42/22 Forenkla etterlevingskontroll 2022 Herøy - Risikovurdering

### Vedtak:

Kontrollutvalet tek vitende revisjonen si vurdering av risiko- og vesentleg vurdering vedkomande etterlevingskontroll med å sjå på praktisering av regelverket i høve bruk av kommunal mobil.

### Behandling:

Dagleg leiar/revisjonssjef i Søre Sunnmøre kommunerevisjon, Bodill Skeide, orienterte og svarte på spørsmål.

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek vitende revisjonen si vurdering av risiko- og vesentleg vurdering vedkomande etterlevingskontroll med å sjå på praktisering av regelverket i høve bruk av kommunal mobil.

## PS 43/22 Sunnmørsbadet Fosnavåg AS - årsrekneskap 2021

### Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen om Sunnmørsbadet Fosnavåg AS i årsrekneskapen mm til vitende.

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek informasjonen om Sunnmørsbadet Fosnavåg AS i årsrekneskapen mm til vitende.

## PS 44/22 Gjennomgang av møteprotokollar

### Vedtak:

1. Kontrollutvalet meiner at det er uheldig at sentrale politikarar sit som styremedlemma i selskap der kommunen har interesser i. Det vert vist til "Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll", utarbeida av KS, særleg anbefaling 9. Link til dokumentet vert å legge ved dagens møteprotokoll. Kontrollutvalet vil og minne om forvaltningslova §6 1.ledd e) 2. Link til forvaltningslova vert og lagt ved protokollen.
2. Kontrollutvalet gjer merksam på at vedtaket i utval for samfunnsutvikling 22.11.2022 sak PS127/22 er eit gyldig vedtak som ikkje kan omgjerast på andre måtar enn at utvalet som organ gjer eit nytt vedtak. Det er vilkår for å kunne omgjere eit lovleg fatta vedtak. Kontrollutvalet ber sekretariatet /kontrollutvalet sin advokat utarbeide ei betenkning.

Link til KS sitt dokument: <https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/for-deg-som-folkevalgt/AnbefalingerEierskap2020.PDF>

Link til forvaltningslova §6: <https://lovdata.no/lov/1967-02-10/§6>

## **Behandling:**

Kommentar til vedtaket i PS 133/22 i formannskapsmøtet 29.11.2022. Saka og vedtaket vart drøfta i kontrollutvalet. Det kom ikkje fram opplysningar som gav høve til vedtak i saka. Kommentar til vedtaket i PS 134/22 i formannskapsmøtet 29.11.2022. Formannskapet blei ikkje vedtaksføre då 5 av 9 av formannskapsmedlemmane var inhabile. Utval for samfunnsutvikling 22.11.2022 - protokolltilførsel. Kontrollutvalet kjem med merknad til endring av vedtak og sekretariatet, eventuelt ved advokaten kjem med ei betenkning om vilkåra for omgjerding av eit lovleg fatta vedtak i eit kommunalt organ.

## **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

## **PS 45/22 Vedtaksoppfølging**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

## **PS 46/22 Saker til eventuell seinare behandling**

## **Behandling:**

Kontrollutvalet bad kommunedirektøren orientere om ombytingssaka som har vore i media. Han ga ei kort orientering om status på den.

Kommunedirektøren svarte Ann Elin Myklebust vedkomande varslings sak buhab frå sommaren 2022. Kommunedirektøren meiner at varslingsinstituttet i Herøy fungerer bra no.